

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Onsdag 23.01.2019 kl.18.00

Møtestad: Lykling kyrkje

Tilstades: Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Roald Stautland, Elisabeth Bjørnevik, Margunn Ersland

Øystein Lund Olafsen møtte og deltok i sak 02 – 05.

Til opning fekk me vakker musikk av Kathrine og Øystein.
Roald hadde og opningsord.

Sak 02-19: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent

Sak 03-19: Meldingar og skriv

- Fellesrådet skal i neste møte ha som sak hovudlinjene rundt vidare arbeid med gravplassen.

Sak 04-19: Velkommen til ny kontor.

- Alt i gong med planlegging framover. Konsertar i tankane. Julekonserten blir truleg laurdag 14.12.
- Samtale om tradisjonar hos oss, og om kva krefter som finst i bygda og kan nyttast i ulike gudstenester eller konsertar. Korpset, barnekoret Lydius eller gruppe derifrå vart nemnt, t.d.i gudstenester med dåp/fasegudstenester.
- Påskehelga:
 - Påskedramagudsteneste 06.04.
 - Palmesundag med påskesong kl.19.00. Samla forsongarane på førehand og bruka dei. Ta gjerne med songarar utanfrå, t.d.Arne Kvarven
 - Langfredag og 2.påskedag -prøva å få musikarar med
- Kanaldagsgudstenesta bør friskast opp. Kva med ei jazzgudsteneste?
- Fasegudstenestene treng og oppfrisking, spesielt konfirmantgudstenestene. Er under planlegging, kunne Øystein melda, både 28.04. og sjølv konfirmasjonen.
- Budsjett: Soknerådet har ein post til kyrkjemusikalsk arbeid.

- Prøva å få fleire forsongarar med. Omtale i Bømlo-Nytt, skriv i postkassane. Forsongarane må møte kl.10.00. Samling – når me har fått fleire med oss.
- Kanskje forsongarane kan sitja nede – bak kyrkjelyden -slik at folk må .
- Vårt ynskje til kantor: Bruk kyrkja vår til konsertar, gjerne for spesielt interesserte. Onsdag og fredag kan vera aktuelle konsertkveldar.

Sak 05-19: Lydanlegget

- Bør absolutt fornyast. Mikrofonane må skiftast. Altfor mykje skurring. Må ha ny PC samtidig.

Sak 06-19: Rekkverk ved trappa og glatt rullestolrampe.

- Folk ser ikkje det som er der. Rekkverket må begynna ved døra og utformast slik at det går rundt til det som alt finst. Trygve snakkar med Elisabeth om utforming. Urnene og lampene kan stå heilt nede.
- Rampen må høgtrykkspylast og få på antisklilister, som på rampen inne, men gjerne breiare.

Sak 07-19: Soknerådsvalet.

- Ynskje om at ein frå kvart sokneråd stiller til intervju i høve valet. Me ber om at Torunn stiller.
- Me samtalte om kven me kan spørja til å stilla på lista vår.

Sak 08-19: Ymse

- 50-årskonfirmantar vert inviterte til gudstenesta 27.05. Om dei sjølve vil gjera meir ut av markeringa, blir det opp til dei.
- Temakveldar til våren har Fridleif ordna: « Vandring gjennom Bibelen» ved Per Hjemdal. 07.02. GT og 07.03. NT, Kl.19.00 begge kveldane.
- Fridleif bestiller 30 kurshefte til 30kr.stk. Han lagar ein plakat som me kan nytta på Joker og på bedehuset, og evt. andre stader.
- Fridleif skriv omtale og Roald ordnar annonse – til neste laurdag,02.02. Kollekt desse kveldane.
- Elisabeth ser til at det er litt kjeks, kaffi og te som me kan nytta desse kveldane.
- Alfhild har ansvar for KN- aksjonen. Vidare planlegging på neste møte.
- Me må spørja Gunnhild om framleis kan ha kyrkjeskysstelefonen.
- TOL og gudstenesteutval er ein felles komite der Liv Merethe er med.

Neste møte onsdag 06.mars kl.18.00

Sakseid, 24.01.2019 Margunn Ersland, - Sekretær-

